

Nye GOD JUL-banner i Uskedalen.

10.12.2017



God Jul.

I samband med førjulstida og jula er det mange kjekke tradisjonar her i bygda, men det skjer også koselege nye ting. I år er det kome opp banner med ønskje om god jul på lysstolpane i sentrum der Festidalen sine banner plar henge. Og det er Festidalen med hjelp av gode støttespelarar som står bak det kjekke og koselege tiltaket.

Festidalen ber oss om å senda ei varm takk til næringsaktøraren som har støtta dei med julebannera. Det er Spar Uskedalen, Elins matgleder, Gros blomster, Zjakk frisør, Byggeriet/Uskedal trelastlager og Uskedalen eigedom.

Vi gjer oss til talsmann for bygdefolket og sender takk til både Festidalen og støttespelarane deira for eit nyt positivt tiltak i bygda vår.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Janne G. Hjønnevåg